

Fra: Skage, Torleiv <tskag@statsforvalteren.no>
Sendt: fredag 18. februar 2022 14:10
Til: Tore Henrik Øye
Kopi: Hansen, Gro Kampp; Hofseth, Torkel; Østgård, Torgrim; Kohlmann, Dirk; Eikås, Turid Digernes
Emne: Framlegg til NMSK-strategi i Vaksdal kommune
Vedlegg: NMSK 2022-2026 Vaksdal kommune TMH.docx

Statsforvaltaren viser til brev ref 18/105 – 22/696, og vår e-post 3/2-22, og har følgende innspel til framlegget:

Først og fremst vil vi understreke at dette er eit oversikteleg og tilgjengeleg dokument.

Dei fleste kommentarane Statsforvaltaren har, er tidlegare spelt inn frå Gro Kampp Hansen, Torkel Hofseth og Torleiv Skage. Ein grundig gjennomgang frå Hofseth var vedlagt e-post 3/2-22, og er òg vedlagt dette dokumentet. Særleg er det strategiar og prioriteringar innan **skogsvegbygging** vi har kommentarar til. Men vi legg òg særst stor vekt på **ansvar og rollefordeling** gjennom heile dokumentet. Her er det viktig at kommunen kjenner sin rolle. **Statsforvaltaren fastset ikkje lenger satsar innan dei ulike tilskotsområda**, men vi kan gjerne **tilrå** desse, noko vi gjer i våre framlegg til retningslinjer. Kommunen er sjef – det er det viktigaste her.

Dei andre innspela med omsyn til tekstforslag får de vurdere etter kva de ser er fornuftig å ta med – eller ikkje. Noko er markert med gul farge eller strykingar, noko er innarbeidd direkte i tekstframlegget.

Ettersom dette framlegget til NMSK-strategi og retningslinjer skal vare i fem år, vil særleg dei nasjonale satsane for spesielle skogkulturtiltak kunne variere. Her kan det leggest inn evt kopling mot Landbruksdirektoratet sine nettsider:

Tilskuddsatsene for 2022 er fastsatt som følger:

- Gjødsling av skog: 50 %
- Tettere planting ved nyplanting: 60 %
- Suppleringsplanting: 30 %

Tilskuddsatsene er fastsatt på grunnlag av tildelingen og forventet aktivitet. Dersom søknadsmengden blir større enn tildelingen, kan satsene bli redusert. Det vil i tilfelle mest sannsynlig kunne skje i siste søknadsomgang (7. november).

Søknadsomganger og -frister:

- Gjødsling av skog: 15. september
- Tettere planting ved nyplanting: 1. august og 7. november
- Suppleringsplanting: 1. august og 7. november

For seint innkomne søknader vil ikkje bli tildelt tilskudd.

Forvaltning, forutsetninger og vilkår for ordningen:

- *Ordningen forvaltes av kommunene i tråd med reglene i NMSK-forskriften.*
- *Faglige råd, forutsetninger og vilkår for tilskuddet er ikke endret fra tidligere år.*

Statsforvaltaren takkar for høvet til å komme med uttale til framlegget til NMSK-strategi, og ønskjer Vaksdal kommune lukke til vidare i arbeidet.

Med venleg helsing
Torleiv Skage
seniorrådgjevar skog



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 55 57 21 73

Mobil: 97 14 41 24

E-post: tskag@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/vl